



Fjord
kommune

Planprogram - Levekårsplan



Gode vekstvilkår

- *Livskraftig, skapande,
nær, raus og*

1. Bakgrunn

Planstrategien for Fjord kommune legg opp til at ein skal forenkle og få ned tal på planar.

Planstrategien er vedtatt med ein del tilpassingar som ein prøver å svare ut gjennom dette prosessarbeidet.

Utfordringsbildet til kommunen er krevjande, og det er behov for å arbeide meir systematisk, målretta og heilskapleg. Ein ønskjer difor å lage ein felles tverrfagleg plan for levekår, og dette blir nybrotsarbeid for kommunen. Framfor å utarbeide sektorvise planar vil ein no sjå levekårsfeltet meir i samanheng og over eit lengre tidsrom. Planen er såleis tenkt som ein plan for heile livsløpet.

Levekårsplanen skal bygge på samfunnsdelen som gir overordna retning for samfunnsutvikling, samt følgje opp nasjonale og regionale føringar og satsingar. Planen vil vere styrande og danne grunnlag for prioriteringar i tenestene.

Hovudmåla i samfunnsdelen er

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen
3. Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidssretta tenester

Kommunen og innbyggjarane må spele på lag for å få til ei ønskt utvikling i ei krevjande tid.

Kunnskap om utfordringar, årsakskjeder, samt utvikling over tid og dagens situasjon gir grunnlag for å ta dei riktige vala på kort og lang sikt. Planen skal etablere gode strategiar for å møte framtida med eit berekraftig og heilskapleg tenestetilbod. Strategiane skal utarbeidast gjennom brei deltaking i planarbeidet. Prosesen vil involvere innbyggjarar, samarbeidspartar, politikarar, kommunale tenester og administrasjon.

Utdjupande strategiar og det årlege arbeidet med handlingsdel, økonomiplan, budsjett og administrative verksemdsplanar vil bygge på planen.

2. Formål med planen

Formål med levekårsplanen er å få oversikt over levekårsfeltet og skape felles forståing for levekårsutfordringar i Fjord kommune. Planen skal vere ei felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman og bidreg til heilskapleg og samordna innsats på ulike fagområde. Det systematiske og løpende folkehelsearbeidet vert sentralt i denne tilnærminga.


Levekårsplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy for utviklinga i sektorane helse og omsorg, kultur, oppvekst og teknisk. Planen skal peike ut retninga kommunen har for framtidige tenester i sektorane. Planen skal:

- Konkretisere situasjonen innanfor dei planområda som planen omfattar.
- Planen skal gje konkrete framlegg til tiltak, strategiar, og prioriteringar for å nå måla.

- Planen skal legga grunnlag for vidare samarbeid internt i kommuneorganisasjonen, og mellom kommune og eksterne samarbeidspartnar.
- Ha betydning for utvikling og prioritering av tenester, anlegg og bygg, som skal konkretiserast i strategiar, handlingsplanar, årsplanar og budsjettdokument.

Framfor å utarbeide separate sektorplanar har ein valt å utarbeide ein plan som ser på levekårsfeltet i samanheng og over eit lengre tidsrom. Unntaket vil vere førebyggande oppvekstplan som nyleg er vedteken for perioden 2024 – 2032. Denne planen skal også ha blikk inn mot Levekårsplanen fram til den blir innlemma ved neste revisjon. Levekårsplanen er såleis tenkt som ein plan som følgjer innbyggjarane i Fjord kommune gjennom heile livsløpet. Det vert lagt til grunn at ny kommunedelplan for levekår, skal vere gjeldande i tolv år. Strategival krev ei heilskapleg planlegging over tid. I samband med utarbeiding og revidering av kommunal planstrategi vil det kvart fjerde år verte vurdert om kommunedelplan for levekår skal rullerast eller reviderast på linje med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommuneplanens samfunnsdel 2021 - 2033 har m.a. sett ned mål og strategiar som må ligge som grunnstamma for arbeidet med levekårsplanen.



3. Utfordringar og visjon

Levekårsplanen vil omfatte store kommunale tenesteområde som oppvekst, helse, omsorg, sosial og kultur. Det skal kartleggast ytterlegare kva som er typiske utviklingstrekk, og kva som kan forventast å bli utviklinga framover, samt tilhøyrande utfordringar og konsekvensar for den kommunale produksjonen av tenester.

Planen har som mål å skape samhandling og tverrfagleg samarbeid for å skape gode løysingar for utviklinga av lokalsamfunnet. Ved rulling skal mindre planar som tema- og sektorplanar innlemmast i Levekårsplanen.

Det har lenge vore ein tendens at staten overfører nye oppgåver til kommunen, utan å auke ressursfordelinga. Det er forventa frå nasjonalt hald at kommunen set eit fokus på digitalisering, berekraftig utvikling, arbeid og sysselsetting for alle grupper, universell utforming og aldersvenlege lokalsamfunn for eldre og unge med fleire.

Levekårsplanen skal vera eit verktøy for å møte dei ulike utfordringane på tvers av sektorar, med fokus på forbetring av Fjord-samfunnet. Gjennom å følgje innbyggjarane gjennom livsløpet vil ein få ei heilskapleg samfunnsutvikling som avgrensar og reduserer utfordringane i Fjord-samfunnet.

4. Organisering og mandat

Kommunestyret har etter orientering i kommunestyret 31.10.24 gitt positivt signal til å tenke meir heilskapleg gjennom ein Levekårsplan. Planen skal ha status som ein kommunedelplan og planen skal leggjast fram for kommunestyret i mars 2026.

Det skal utarbeidast ein strategi for helse, omsorg og velferd og ein strategi for kultur perioden 2025 – 2028. Strategiane skal beskrive dei områda vi vil satse på for å møte utfordringane dei nærmaste åra fram til overordna Levekårsplan er på plass. Strategiane følgjer Bu trygt heime-reforma sin planperiode 2024 – 2028.

Formannskapet vert styringsgruppe for planprosessen. Dei får fullmakt til å godkjenne planprogram, leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn og elles ha funksjon som administrasjonen sitt nærmeste politiske rådgjevings- og avgjerdssorgan i prosessen. Den administrative prosjektgruppa består av:

Sindre Søvik Erstad, kommunalsjef helse og omsorg
Mariann Ringdal Birkhol, kommunalsjef oppvekst, kultur og flyktning
Kristi Linge Stakkestad, folkehelsekoordinator
Aud Lindis Ødegaard, fagsjef samfunn

5. Medverknad

Demokratiseringa av offentleg verksemder har vore eit mål for regjeringa over lang tid. Gjennom plan- og bygningsloven paragraf § 5-1 er det stadfesta at planforslag skal leggje til rette for medverknad. Dette betyr blant anna at innbyggjarane skal konsulterast i planarbeidet.

For å bidra til å gjere innbyggjarane (og tilsette) sin kvar dag betre er medverknad og involvering viktig. Utfordringane er felles og må løysast i fellesskap. Skal Fjord kommune kunne legge til rette for det gode liv, livskvalitet og meistring, er det viktig med dialog med innbyggjarane.

Det nyttar ikkje å ha smarte løysingar viss folk ikkje veit om dei. Gjennom god kommunikasjon skal vi gi kjennskap til, og skape realistiske forventningar om, kommunale tenester, og rettleie innbyggjarane til eigenmestring så langt det er muleg. Om alle forstår utfordringane og moglegheitene, kan vi saman klare å ta oss av dei som treng det.

Aktivering av innbyggjarane i kommunen er avgjerande for å få verdifulle innspel i kartlegginga av Fjord-samfunnet. Fjord kommune vil nyte seg av ulike verkemiddel, både digitale løysingar og fysiske møtepunkt slik at alle grupperingar i Fjord- samfunnet skal kunne gje innspel. Innspel, synspunkt og merknadar vil bli tatt til vurdering.

Prosjektgruppa vil sette ned temabaserte og tverrfaglege arbeidsgrupper i arbeidet, som skal arbeide med det faglege innhaldet i planen og systematisere medverknad. Difor vil frivillige lag og organisasjonar, ungdomsrådet, fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, samt andre interessegrupper bli invitert inn i arbeidet.

6. Kommunikasjon

Det blir laga eigen handlingsplan for involvering og kommunikasjon.

6.1 Kommunikasjonsmål

- Sørge for at tilsette og interessantar er godt orientert om
 - prosess
 - avgjerder som blir tatt
 - justeringar og tilpassingar innanfor gjeldande vedtak, ressursar og fullmakter
- Skape tryggheit for prosessen
- Sikre at vi held fram å levere gode tenester og gjer kontinuerleg forbetring i det daglege
- Sikre medverknad gjennom tillitsvalte, verneteneste, leiarar og organisasjonar
- Gjere tillitsvalte, verneteneste og leiarar trygge i sine roller
- Informere innbyggjarar om bakgrunn og løysingar, for å skape tryggleik og redusere gap mellom forventningar og muleg framtidig tilbod
- Sikre at politikarar får nok informasjon til å gjere godt fundamenterte val
- Etablere livsløpstrapp som omgrep

6.1 Aktørar

- Leiarar, tilsette, tillitsvalte og verneteneste
- Politiske råd og utval
- Brukarar og pårørande
- Lag og organisasjonar
- Innbyggjarane
- Eksterne bidragsytarar
- Media
- Studentar/moglege framtidige arbeidstakrar

7. Framdriftsplan

